



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/10047 21/3000	05.02.2021	13431/2021/REGULERINGSPLAN/1519	Synnøve Valle, 71 28 02 39	17.03.2021

## **Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Grevsneset - fråsegn til offentleg ettersyn**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk* er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Det er lagt fram forslag til detaljregulering for Grevsneset. Målet med reguleringa er å legge til rette for utviding av eksisterande masseuttak.

Vi har tidlegare uttalt oss om oppstartsvarselet. Vi har ingen merknader til framleggget til reguleringsplan.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*



VOLDA KOMMUNE  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Vår dato: 03.03.2021  
Vår ref.: 201910027-7  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 05.02.2021  
Dykkar ref.: 19/10047 21/3000

Sakshandsamar:  
Ole-Jakob Sande

## NVE sin uttale til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Grevsneset i Volda kommune

Vi viser til brev datert 25.01.2021. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljregulering for Grefsneset i Volda kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for utviding av eksisterande masseuttak.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbL).

NVE ga innspel til varsel om planstart i brev datert 21.10.2019, der vi peika på omsyn til skredfare i bratt terreng og forventa klimaendringar som viktige avklaringstema i planarbeidet.

### NVE sine merknader til planframlegget

#### Naturfare

Planområdet ligg i område med mogeleg fare for skred i bratt terrem, jf. aktsemndskart for snøskred og steinsprang (NGI) og jord- og flaumskred i [NVE Atlas](#). Asplan Viak AS har i to rapportar vurdert den reelle skredfaren i planområdet og skissert løysingar for å sikre områda mot slik fare.

#### Austleg del av planområdet:

For austleg del av planområdet vurderer Asplan Viak at det er reell skredfare med sannsyn større enn 1/100 og steinsprang er dimensjonerende fare, jf. rapport datert 15.04.2020. Fare for lausmassekred er

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](#)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor Middelthunsgate 29 Postboks 5091, Majorstuen 0301 OSLO	Region Midt-Norge Abels gate 9 7030 TRONDHEIM	Region Nord Kongens gate 52-54 Capitolgården 8514 NARVIK	Region Sør Anton Jenssensgate 7 Postboks 2124 3103 TØNSBERG	Region Vest Naustdalsvegen. 1B 6800 FØRDE	Region Øst Vangsveien 73 Postboks 4223 2307 HAMAR
---	---	---	--	---	--



meiner det er bra at det vert tilrådd tiltak som sikrar mot av tiltak i planområdet er til fare eller ulempe for kringliggende område, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd.

Slik vi les rapporten vil skissert voll sikre bustadane mot steinsprang ovanfor planlagt voll, men vi kan ikkje sjå at det er vurdert om det er knytt reell fare for skred i fjellsida mellom planområdet og bustadane. Dette er eit forhold som kommunen må vere merksam på ved eventuell handsaming av søknader om tiltak nedanfor planområdet.

Asplan Viak tek i rapporten etterhald om at det ikkje er vurdert tryggleik for arbeid i arealet ovanfor planlagt voll. NVE gjer merksam på at masseuttak er tiltak som er unntake krav om handsaming etter saksforskrifta (SAK10) til pbl, men ikkje er unntake krava i TEK17. Sjå meir om dette i Direktoratet for byggkvalitet sin rettleiar [Utbygging i fareområde kapittel 2.9](#). For [tiltak](#) i skredfareområde må tryggleiksklasse fastsettast, jf. [TEK17 § 7-3](#), 2. ledd, første setning. Sjølv om planframlegget set krav til tryggleik mot skred i planområdet, meiner vi at det ikkje er dokumentert at vestleg del av planområdet kan stette gjeldande tryggleikskrav, jf. TEK17 § 7-3.

Også for vestleg del av planområdet er omsynssone *Skredfare H310* avgrensa til området ovanfor planlagt voll, og med same ordlyd i tilhøyrande føresegn som austleg del av planområdet.

**NVE meiner at planframlegget er mangelfullt i høve til framstilling av omsynssone *Skredfare H310* og tilhøyrande føresegn, jf. merknad ovanfor.**

#### Generelt:

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terrem, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i [NVE Atlas](#).

NVE har nyleg utarbeidd rettleiar for [kartlegging av skredfare i bratt terrem](#). NVE har som mål at rettleiaren skal vere eit godt hjelpemiddel for kommunar og tiltakshavarar som skal bestille vurderingar, og gi klarare retningslinjer for krav til innhald i rapportane. Vi oppmodar om at rettleiaren vert brukt ved bestilling av konsulentrapporatar, samt at rapportane vert utarbeidd i samsvar med rettleiaren.

Med helsing

Siss-May Edvardsen  
fung. regionsjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



## Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Vår dato:  
18.03.2021

Dykkar dato:  
05.02.2021

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

## Volda kommune gnr31 bnr1 og gnr31 bnr7 Detaljreguleringsplan Grevsneset Offentleg ettersyn

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Detaljreguleringsplan for Grevsneset er lagt ut til offentleg ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for masseuttak, samt anlegg for returasfalt og returbetong. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Statsforvaltaren kan ikkje finne faresonekart blant plandokumenta. Planen må oppdaterast med desse faresonene som viser områder med dei ulike gjentaksintervallane. Kapittel 5.2 i føresegna må følgje opp faresonene meir detaljert enn slik det framstår no og sikre krava i TEK17 § 7-3.

Som NVE påpeiker i si uttale, skal omsynssone H310 vise gjeldande faresituasjon i planområdet. Vi føreset at dette vert oppdatert.

Vidare skal tiltak i eit potensielt skredfagleg område plasserast i ein tryggleiksklasse, jf. (TEK17) § 7-3. Dette er ikkje gjort. Vi ber om at det blir gjort ei vurdering av tryggleiksklasse i planområdet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar



## Statens vegvesen

VOLDA KOMMUNE  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Vidar Neraas / 71274773 21/26681-2 29.03.2021

### — Uttale til offentleg ettersyn – detaljregulering for Grevsneset – Volda kommune

Vi viser til oversending dagsett 05.02.2021 med kunngjering om offentleg ettersyn av ovanfornemnte plan.

Statens vegvesen er vegadministrasjon for staten på riksvegar. Det inneber at vi har ansvaret for å forvalte, planlegge, utvikle, drifta og vedlikehalde vegane på ein optimal måte for brukarane og samfunnet elles. Vi er også sektormynde på vegne av Samferdselsdepartementet. Gjennom sektoransvaret skal vi bidra til oppfølging av statleg politikk på heile det offentlege vegnettet, herunder vegar der andre enn staten har vegmynde. Sektoransvaret omfattar mellom anna trafikktryggleik, kollektiv, gange, sykkel, universell utforming og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og klima.

#### Saken gjeld

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for masseuttak, samt anlegg for returasfalt og -betong.

#### Statens vegvesen har ut frå vårt ansvarsområde føljande merknadar

##### Sprengingsarbeid ved Rosethorntunnelen

Tiltaket er i samsvar med kommuneplanens arealdel som har vore på høyring, og er ei vidareføring av eksistareande massetak. Vi har difor ikkje særlege merknadar til arealbruken så lenge ein sikrar gjennom detaljreguleringsplanen at det ikkje førekjem skadar på Rosethorntunnelen ved vidare drift.

I vår uttale til varsel om oppstart stilte vi krav om byggegrense og vibrasjonar ved sprenging. I føresegnd § 4.1 b. føljer det at «Minimumsavstanden mellom masseuttaket og vegg i Rosethorntunnelen på E39 er sett til minimum 20 meter og til tunnelheng minimum 25

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadso

**Konklusjon**

Statens vegvesen viser til våre merknader og innspel over, og ber om at dei vert tatt omsyn til i det vidare arbeidet med planforslaget. Vi oppmodar Volda kommune til å opprette ein dialog med oss når det gjeld utforming av føresegnene i høve Rosethorntunnelen.

Transportforvaltning midt  
Med helsing

Linda Heimen  
sekjonssjef

Vidar Neraas  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

**Fra:** Karoline Ulvund <Karoline.Ulvund@dirmin.no>  
**Sendt:** mandag 22. mars 2021 09:32  
**Til:** Erlend Sporstøl Vikestrand  
**Kopi:** Postmottak Volda  
**Emne:** DMF ber om å få utsatt frist for høring av Grevsneset i Volda kommune

Hei

Grunnet stor saksmengde ber vi om å få utsatt uttalefrist for ovennevnte sak, gjerne inntil 10 virkedager dersom mulig.

Med vennlig hilsen

Karoline Egholm Ulvund  
Rådgiver

**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmesteren for Svalbard

**POST- OG BESØKSADRESSE** Ladebekken 50, N-7066 Trondheim  
 **+47 73 90 46 00, **DIREKTE** +47 47 70 39 01  
**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) **DIREKTE** [karoline.ulvund@dirmin.no](mailto:karoline.ulvund@dirmin.no)  
**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)**



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Dato: 06.04.2021  
Vår ref: 19/03221-12  
Deres ref:

## **Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Grevsneset i Volda kommune**

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 5. februar 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekommstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### **Om planen**

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Planen skal òg omfatte eit nytt anlegg for mottak og tilarbeidning av returasfalt og returbetong. Det er stort behov for uttak av massar til bruk i bygg- og anlegg i regionen. Uttaket omfattar ca. 25-35 000 m<sup>3</sup> lause massar i steinur og ca. 720 000 m<sup>3</sup> faste massar i fjell.

### **Fråsegn frå DMF**

DMF ser at våre merknader til varsel om oppstart, datert 25.10.2019., er kommentert i vedlegget *vurdering av merknader ved forvarsling*. Det er gjort greie for at masseuttaket vil dekke Aurstad sitt behov for massar i området Volda og Ørsta i uttaksperioden. I tillegg til bruk i vegbygging, vil massane kunne nyttast i landbruksføremål, bustadføremål og i tilknyting til industriområde med unntak av som tilslag til asfalt- og betongprodukt. Det visast til driftsplanen som legg til grunn eit forbruk på 50 000 – 100 000 m<sup>3</sup> årleg, som betyr ein driftsperiode på 8-15 år. Det er òg kommentert at konsesjon skal vere før oppstart av tiltaket.

### **Plankart og føresegner**

DMF registrerer at koter er påteikna på plankart. Normalt rår DMF til at driftsrelaterte detaljar ikkje skal inngå i reguleringsplanen, berre i driftsplanen. Vi ser at årsaka til at kotorar inngår i kartet er grunngjeve som kommentar til våre innspel til oppstart.

«*Planen og føresegner bind ikkje opp sjølve drifta av masseuttaket. Avslutninga av*

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref: 19/10047  
Vår ref: 2019/249958  
Dato: 23.02.2021  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

## UTTALE TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR GREVSNESET

Vi viser til brev frå Volda kommune 5. februar 2021 vedkomande detaljregulering på Grevsneset, der formålet er å legge til rette for masseuttak, samt anlegg for returasfalt og returbetong. Saka er sendt til Mattilsynet for uttale. Fristen er frå avsendar sett til 23. mars 2021.

### Mattilsynet si rolle i plansaker

Mattilsynet er statleg sektormynde for områda planter, fisk, dyr og næringsmiddel, inkludert drikkevatn, jf. matlova § 23.

### Vurdering

Vi har ved tidlegare høve sendt innspel til denne saka. Vårt hovudfokus er at planlagde tiltak ikkje må kome i konflikt med lokal privat vassforsyning. Ein føreset at kompetent personell har gjort/gjer ei tilstrekkeleg vurdering på dette området.

Mattilsynet har ingen innvendingar ut over det vi tidlegare har kommentert.

Med helsing

Lennart Floyd Berge  
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

#### **Merknad til detaljreguleringsplan for Grevsneset.**

Eg viser til kunngjering om offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Grevsneset, publisert på Volda kommune si nettside den 09.02.2021. Føremålet med planframleggget er å legge til rette for utviding av eksisterande masseuttak i området. Høringsfrist er sett til 23.03.2021.

Merknaden vedkjem konsekvensen av detaljreguleringsplanen ved at det vert gjennomført fysisk stenging av ei mykje nytta ferdelsåre/sykkeltrasè mellom Volda sentrum og Hjartåbygda/Ullaland dersom planframleggget vert godkjent slik det er utforma.

Reguleringsplanen har som konsekvens at det ikkje lenger vil vere mogleg å ferdast langs den gamle Austefjordvegen på nordsida av Voldsfjorden. Saman med fleire andre gjennomførte tiltak på infrastrukturen kring bygdene Ørsta og Volda dei seinaste 20 åra utgjer dette nok eit element som er med på å redusere aksjonsmoglegheitene for personar som ferdast på sykkel og såleis tilbodet for fysisk aktivitet og friluftsliv i området. Dette til trass for at tilrettelegging for sykling og andre mjuke trafikkantar haldast fram som eit viktig satsingsområde for trivsel, folkehelse og miljø av alle instansar – også av kommunen sjølv.

Bruken av området langs nordsida av Austefjorden til aktiv idretts- og friluftslivsutøving er diverre ikkje kartlagt eller registrert og er såleis av den årsak heller ikkje vektlagt i vedteken arealbruk i gjeldande kommuneplan eller i framleggget til ny kommunedelplan for Volda. Aktiviteten og verdien av området som trivsels- friluftslivs- og folkehelsefaktor er derfor vurdert som ikkje eksisterande.

Mange nyttar den gamle vegen langs fjorden til sykkelturar og løpeturar til Hjartåbygda/Aldalen. Aktive syklistar som trener og mosjonerer tek gjerne turen vidare gjennom Vatnesvingane til Åmdalen/Ørsta - eller motsatt veg der konkurransen om å vere raskast opp svingane er intens. Trasèen er også ideell som sykkel-rundløype i området nært sentrum av Ørsta og Volda.

På bakgrunn av at den meir enn 100 år gamle Austefjordvegen er erstatta av rassikker veg gjennom Rotsethorntunnelen/Hjartåbergtunnelen og at den gamle vegen langs fjorden er fastslått å vere rasfarleg er det gjerne eit ålement synspunkt at ein ikkje skal eller bør ferdast her. Likefult er det svært mange som nyttar den gamle vegen og brukarane vurderer dette som ferdsel på eige ansvar tilsvarande slik ein gjer når ein elles er ute i naturen «i skog og mark» og har stor glede og nytte av det.

Registreringar i den populære treningsappen Strava - der brukarane loggar aktivitetane sine via GPS-signal - dokumenterer noko av aktiviteten på den aktuelle strekninga mellom Volda sentrum og Hjartåbygda. Som ein ser av skjermdumpen frå Strava - vist nedanfor - er det over 200 forskjellige personar som nyttar denne delen av gamle Austefjordvegen til sykling eller gange/løping.

I høve samfunnstryggleiken og for biltrafikkflyten i vårt område er det sjølvsagt svært positivt at motorisert trafikk no er kanalisiert gjennom moderne tunnellar med høg standard. I «nyare tid» er det etablert i alt 9 tunnellar i nærområdet til Volda og Ørsta sentrum. Desse er alle bygd med ein standard som avgrensar seg til å ivarta biltrafikken sitt spesifikke behov og ein har t.d. ikkje funne plass i vegbanen til syklistar/mjuke trafikkantar i nokon av dei.

Det er ikkje sett forbod mot gåande/syklande i desse tunnellane, men dei fleste som prøver seg på sykkel inne i desse kjenner seg utrygge fordi bilane kjem så nært på og dei unngår dermed desse.

Standarden på tunnellane avspeglar sjølvsagt dei økonomiske rammene for dei einskilde prosjekta, men ein kan likevel stille seg spørsmålet om behova til mjuke trafikkantar har vore tilstrekkeleg vektlagt under planlegginga? – spesielt finn ein grunn til å reise dette spørsmålet for dei tunnellane som er lokalisert nærmast sentrum av Volda og Ørsta.

Poenget her er at denne omfattande endringa av infrastrukturen kring Volda/Ørsta – som har gjort det tryggare og meir rasjonelt for motorisert trafikk – har avgrensa moglegheitene i betydeleg grad til å ta seg fram på sykkel eller til fots i periferiane kring dei to kommunesenterane.

#### **Innspel til reguleringsplanen:**

Vegen som ligg der i dag er fysisk stengd med bom like aust for tunet på Grevsneset. Bommen har vore sperra for biltrafikk inn i området, men dette har ikkje vore til hinder for ferdsel av gåande og syklande fram til no.

Når det ser ut til å vere mogleg å etablere ein akseptabel situasjon for dei som skal arbeide i steinbrotet i høve tryggleik mot skred burde det også vere mogleg å få på plass tiltak som gjer det mogleg for dei som ønskjer å nytte området som ferdelsåre langs fjorden – å kome seg trygt igjennom. Dette kan t.d. gjerast ved å kanalisere anleggstrafikken i noko grad, t.d. ved etablering av sperregjerde langs nordsida av vegen og å lage inn- og utkjøring til anleggsområdet ved portar 1-2 stader. Truleg vil det medføre at drifta av anleggsområdet ikkje vert så rasjonell som tiltakshavar ønskjer seg, men sett opp imot verdien dette har som folkehelsefaktor burde dette kunne aksepterast.

Kommunen oppmodast derfor til å syte for at det også i framtida vil vere mogleg å ferdast etter den gamle vegen mellom Volda sentrum og Hunnes.

Dei som ønskjer å bruke dei delane av den gamle Austefjordvegen - som ligg utanfor det aktuelle planområdet - til sykling, turgåing, løping/jogging vil kunne fortsette å gjere dette, men på eige ansvar.

Volda 16.03.2021

Mvh

Torgeir Stensø  
entusiastisk brukar av gm! Austefjordvegen

Lenke til høyringsdokumenta: <https://www.volda.kommune.no/tenester/paverknad-og-politikk/hoyringar/detaljreguleringsplan-for-grevneset-offentleg-ettersyn.102962.aspx>

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Thomas Busker Larsen  
Gamlevegen 5  
6102 Volda

**Detaljreguleringsplan for Grevsneset, offentlig ettersyn 02.02.21**

I vurdering og konklusjon av reguleringsplanen for Grevsneset står det at «Vegen til, og forbi masseuttaket er foreslått stengt for annan trafikk, inkludert mjuke trafikantar.»

Veien fra Volda sentrum til Løvikneset er en mye brukt turvei for gående. Mange bruker også denne veien når man sykler rundt Austefjorden. Alternativet er å sykle rundt Alldalen noen som forlenger turen betydelig og vil føre til at langt færre vil kunne ta denne sykkelturen.

Dette er en veldig flott og tilrettelagt turvei som har vært en bonus for innbyggerne siden Rotsethorntunnelen kom. Det vil være et stort tap for innbyggerne om denne veien blir stengt.

Jeg har forståelse for at Aurstad ser behovet for å skjerme myke trafikanter, ved at det forenkler arbeidet og tryggheten, men i alle den tid steinbruddet har vært aktivt har veien vært åpen. Med den planlagte utviding og sikringstiltakene er det vanskelig å forstå at det nå skal være behovet for å stenge veien.

Her må det være mulig å finne en løsning som ivaretar begge parter sine interesser.

Mvh.

Thomas Busker Larsen



Volda kommune

Molde 23 mars 2021

## Detaljreguleringsplan for Grevsneset, offentleg ettersyn

Syklistforeningen (SF) er kvardagssyklistanes viktigaste interesseorganisasjon. Organisasjonen har høg kompetanse innanfor planlegging og tilrettelegging for kvardagssykling og SF arbeider for å betre forholda for syklistar og for at sykling skal vere trygt og attraktivt for folk flest. FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal og engasjerer seg i saker som påvirker natur og friluftsliv i fylket.

SF og FNF jobber for at det skal vere enklare å velje miljøvenlege transportformer, og at det skal finnes eit reelt alternativ til å nytte motoriserte kjøretøy. Eit godt, gjennomtenkt og tilrettelagt gang- og sykkelvegnett i byar, tettstader og mellom tettstader vil forhåpentlegvis føre til eit sunnare og sikrare miljø for innbyggjarane, som fristar til meir fysisk aktivitet. Samstunes ser vi at landet vårt med den unike natur og regionen vår med dei unike fjordane er attraktive for syklistar frå heile verda.

Stranda innover Austefjorden frå Volda er ein viktig forbindelse for sykkelturistar som syklar fjordane våre for å oppleve vår unike fjornatur. Samstundes aner vi at strekninga også er sers aktuell for dei lokalbefolkinga som nytter sykkelen til si helsebot og rekreasjon. Slik vi tolkar informasjon gitt av syklistane sjølv på deira internasjonale sykkelside er tunellen Volda-Løviknes (Rosethorntunellen) lovleg å sykle og lyssatt. Samstundes blir det sagt at sykkelalternativ finns i form av gamlevegen»  
*Alternative route : The Gule Sider map shows a possible alternative via a small road along side the fjord via Løviknes, Greivnes and Andanset».*

**Fra:** knut.olav.festo@gmail.com  
**Sendt:** tysdag 23. mars 2021 21:37  
**Til:** Postmottak Volda  
**Emne:** Reguleringsplan Grevsneset

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda er samd innhaldet i merknaden frå Torgeir Stensø, og innspelet frå FNF- Møre og Romsdal.

Med helsing frå lokallaget i Naturvernforbundet,  
Knut Festø,  
Leiar.

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10